

Saksframlegg

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/5969-1

Rullering av Regional plan for verdiskaping.

Fylkesrådmannen rår Hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget vedtek dokumentet ... «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane. Vurdering av arbeidet så langt. Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021» ... som grunnlag for vidare arbeid med å gjennomføre verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025.

Vedlegg:

- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2025
- Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane. Vurdering av arbeidet så langt. Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021.

Andre relevante dokument i saka:

- Dokument knytte til verdiskapingsplanen er lagt ut på www.verdiskapingsplanen.no

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Regional plan for verdiskaping har ein tidshorisont fram til 2025. Ein 4-årig handlingsplan for 2015-2018 vert fornya gjennom rulleringa i denne saka. Hovudpunkt i endringane:

- Vi slår saman satsinga kunnskap og nyskaping (industristrategien er integrert i desse).
- Satsinga fornybar energi er det arbeidsfeltet som vert fornya i størst grad.
- Anna regional planlegging, særleg regional strategisk plan for kysten og regional plan for klimaomstilling, gir føringar for vidare arbeid.

Verdiskapingsplanen vert venteleg avløyst av ny plan initiert av nye Vestland fylkeskommune.

2. Bakgrunn for saka

Regional plan for verdiskaping vart vedteken med ein tidshorisont fram til 2025, saman med ein 4-årig handlingsplan 2015-2018. I dokumentet - som er grunnlaget for saka - vert arbeidet så langt vurdert og vidare arbeid noko justert. Framlegg til justeringane er grunngjevne i røymsler frå arbeidet fram til no, dels i endringar i omgivnadene, og dels i at fylkeskommunen har utarbeidd og legg fram nye regionale planar som bør ha følgjer for verdiskapingsplanen.

Historikk - tidlegare vedtak

Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen) vart vedteken i FT 11. juni 2014 (sak 8/14. Den 4-årige handlingsplanen vart vedteken av FT 9. desember 2014, jf. sak 40/14. I saka vart det føresett at FU skal handsame årsplanar. Ein industristrategi vart vedteken av FT i sak 35/15, 13. oktober 2015. Satsinga landbruk vart handsama politisk i FT-sak 6/16, 19. april 2016. FU har handsama årsplanar for 2015, 2016, 2017 og 2018, og blitt orientert om arbeidet gjennom årsrapportane til fylkesrådmannen.

Sentrale problemstillingar

Tinginga til arbeidet som er forankra i verdiskapingsplanen er å utvikle attraktive arbeidsplassar.

3. Vurderingar av arbeidet så langt

Dokumentet inneheld vurderingar av kva partnerskapen har oppnådd satsing for satsing, og eit kort avsnitt 1.3 med nokre hovudpunkt.

Hovudmålet

Det viktigaste spørsmålet er om vi når målet om arbeidsplassvekst. Hovudkonklusjonen i gjennomgangen i avsnitt 2.1 er at vi lukkast. Nettoveksten frå 2013-14 var 321 arbeidsplassar årleg. Frå 2015-16 var veksten 375 og frå 2016-17 også 375 arbeidsplassar. Når vi drøftar desse tala må vi hugse at eksterne faktorar spelar stor rolle for resultatet. Som vi viste på framsida av årsplanen for 2018 (FU sak 32/2018): Ein hypotetisk nettovekst på 174 arbeidsplassar eller ein nedgang på 55 arbeidsplassar i 2019 kan vere resultat av den nøyaktig same innsatsen i partnerskapen. Ein ev. slik variasjon i resultatet kan forklarast ut frå kva som er nasjonal vekst og om fylket har gunstig eller ugunstig næringsstruktur i høve ytre faktorar.

Arbeidet med kompetansestrategiar viser at utfordringa framover er stort behov for arbeidskraft. Attraktivitet vert dermed eit viktig stikkord. Det vidare arbeidet med tettstadstrategiane og regional plan for kultur vert såleis viktige supplement til verdiskapingsplanen.

Prosjektresultat

Utan intensjon om å lage ei komplett liste, vil fylkesrådmannen framheve desse resultatata:

Berekraft/ miljø	Marint verdiskapingsfond har prioritært føringa berekraft og løyvd 8,94 mill. kr i perioden. Det har vore utvikla berekraftstrategiar i reiselivssatsinga. Vi har etablert ei hydrogen-satsing.
Infrastruktur	Breibandutbygginga i fylket
Kunnskap	Utdannings- og FoU-institusjonar arbeider tettare saman med næringslivet. Samarbeidet med forskingsrådet har gitt resultat som omtala i avsnitt 3.6.3. Samarbeidet med høgskulen og fagskulen har styrka teknologimiljøet i Førde.
Nyskaping	Vi arbeider godt saman med det kommunale næringsapparatet; t.d. om etablerararbeidet, at vi har fått på plass nettsida driftig.no og eit pre-så Korn fond. Etableraropplæring i skulen er godt etablert.
Fornybar energi	Vi har vore med og etablert Forum for Grøn Energi, og det er etablert ei hydrogen-satsing. VRI-programmet har medverka til høgskuleutdanning i fornybar energi.
Sjømat-næringane	Samarbeid mellom oppdretts- og villaksinteressene har gitt god dialog basert på innsikt (vidareføring av arbeidet er etterspurt). Det er opparbeidd marine grunnkart for 4 kommunar. Det er etablert ein undervisningskonsesjon innan oppdrett knytt til Måløy vidaregåande skule.
Reiseliv	Det er spesielt gledeleg å sjå at små reiselivsaktørar samarbeider tett gjennom nettverksprosjekt. Vi vil også nemne innsatsen for å legge til rette for vandring/ opplevingsturisme og at utviklinga av cruiseturisme er sett på dagsorden.
Olje og gass	Omstillingsarbeidet i dei petroleumsretta næringane i regi av maritim foreining.
Landbruk	Omstilling til lausdrift i mjølkeproduksjonen. Nyplanting av frukt og bær. Satsinga på lokal mat.
Industri-strategien	Det vert etablert møteplassar; m.a. som del av forskingsmobiliseringa og i regi av Maritim foreining og næringsshagane. Intensjonen er å trappe opp dette arbeidet.

Mineralnæringar

Fylkeskommunen vurderte i FU-sak 23/18 mål og strategiar i mineralstrategien utarbeidd av kommunane Askvoll og Naustdal. Den naturlege koplinga til verdiskapingsplanen er å engasjere seg i konkrete tiltak som t.d. møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling. Jf. avsnitt 1.1. i dokumentet om rullering av verdiskapingsplanen.

Om mineralnæringa og kommunar tek initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane, vil fylkeskommunen delta.

Kvaliteten i partnerskapsarbeidet

Næringsforum løfta fram kvaliteten i partnerskapsarbeidet som ein av suksessane i arbeidet så langt. Partnerskapsarbeidet er sjølv grunnlaget for at det vert laga planar som har status som regional plan.

Næringsforum er leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune (NKA). Deltakarar i tillegg er NHO, LO, Innovasjon Norge, Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NAV og KS. Fiskeridirektøren og vår eiga opplæringsavdeling er frå sommaren 2018 inviterte med som faste medlemmer. Elles vil Næringsforum trekke med deltakarar etter behov. Vi har vore opptekne av at forumet ikkje bør bli for stort. T.d. legg vi til grunn at Høgskulen på Vestlandet representerer forskingsinteressene i fylket og at Innovasjon Norge representerer verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå.

Næringsforum er samde om at gjennomføringa i for stor grad har vorte lagt til fylkeskommunen. Forpliktande partnerskap er eit forbetningspunkt. Forpliktande partnerskap er også påpeika av regjeringa som viktig å få til å fungere for å sikre kvalitet i regional planlegging. Temaet vert venteleg viktig som del av gjennomføringa av regionreforma.

4. Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021 og konsekvensar

Endringar i høve plandokumentet «Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014 – 2025».
Kortfatta oversikt med vekt på dei viktigaste endringane.

Det er naturleg at planar for utviklingsarbeid må justerast. Alt vi tenkte i 2013-2014 vil ikkje lukkast. Partnerskapen tenkjer nytt, t.d. ved at statleg politikk endrar seg. Teknologi og samfunnsendringar utanfor vår kontroll skaper nye mulegheiter og nye truslar.

Gjennom finansieringssaker og gjennom årsplanane har politiske utval alt vurdert nokre endringar. Intensjonen i opplistinga nedanfor er å få fram viktige endringar med utgangspunkt i strategidokumentet som vi vedtok i 2014 og med seinare tillegg i form av satsinga landbruk og ein eigen industristrategi. Etter politisk vedtak i fylkestinget vil administrasjonen samanstillе verdiskapingsplanen av 2014 og rulleringsdokumentet denne saka handlar om, i ein oppdatert kortversjon med slik struktur:

Innleiing

- Kort analyse
- Om hovudmål og føringar
- Partnerskapen på leiarnivået (næringsforum)

Satsingar:

- Oppdaterte målformuleringar
- Oppdatert oversikt over program og avtalt aktivitet i kvar satsing
- Ansvar

Det engelskspråklege utdraget av verdiskapingsplanen (Priorities for international cooperation – sjå https://issuu.com/designgasta/docs/verdiskapingsplanen_brosjyre_issuu) vil og bli vurdert for å sjå om det er trong for justeringar. Det engelskspråklege dokumentet er basert på verdiskapingsplanen og er ei fagleg vurdering av kva utviklingsoppgåver det vil vere mest å hente gjennom å bygge opp internasjonale relasjonar og prosjektsamarbeid.

Dei viktigaste endringane

Endringane lista opp nedanfor tek utgangspunkt i plandokumentet av 2014.

Avsnitt i verdiskapingsplanen	Justering i juni 2018 (med referanse til avsnitt i «rulleringsdokumentet»)
Del 1	
Analysar og hovudmål	Regional plan for klimaomstilling og regional strategisk plan for kysten gir nye føringar. Analyser er oppdaterte ved at vi har sett på kva vi har fått til og ved at vi har etablert eit verdiskapingspanel på www.verdiskapingsplanen.no . Ut over dette ingen vesentlege endringar.
Del 2 Tilrettelegging og satsingar	
Nyskaping	Det er ikkje føremålsteneleg å arbeide separat med kunnskap og nyskaping. Næringsforum ønskjer å prioritere kunnskap og nyskaping med vekt på «smart spesialisering», langsiktige kompetansestrategiar og fornying av næringslivet. Næringsforum legg sterk vekt på å følgje opp fornying på tvers av tradisjonell bransjeinndeling. Sjå avsnitt 3.8. Mange viktige, men vel innarbeidde oppgåver, vert tekne ut av partnerskapsarbeidet og overlatne til fylkeskommunen. Sjå avsnitt 3.8.
Kunnskap	Det vert arbeid med ein partnerskapsavtale med Maritim Foreining med sikte på å følgje opp føringar lagt i regional strategisk plan for kysten. Målformuleringane er endra til kvalitative mål med unntak for innsatsen retta mot kunnskapsintensive tenesteytande næringar der vi held på kvantitative indikatorar. Ansvar for vidare gjennomføring er presisert.
Fornybar energi	Fornybar energi har vore den satsinga der vi ikkje har fått etablert eit utviklingsarbeid slik vi la opp til i 2014. Satsinga er vesentleg justert der energibrukarane får relativt større merksemd og energiprodusentane relativt mindre. Måla er endra. Regional plan for klimaomstilling er ein vesentleg premis for arbeidet vidare. Avsnitt 3.1.3 omtalar justeringane.
Sjømatnæringar	Målformuleringane er oppdaterte. Intensjonen om ein avtale med Innovasjon Norge om å ta ansvar for innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane er no erstatta med ein verkemiddelpolitikk som gir verkemiddelføringar; særleg for Innovasjon Norge og regionalt forskingsfond
Reiseliv	Sjå avsnitt 3.3.2. Målsettinga vert ikkje føreslått endra. Program «berekraft» vert føreslått avvikla og integrert i arbeidet elles. Fylkesmannen får i oppdrag å utvikle ei satsing på mat og reiseliv.
Olje og gass	Ingen spesielle endringar.

Tillegg vedtekne etter 2014	
Landbruk April 2016	Landbruk fekk status som satsing i verdiskapingsplanen i 2016. Det vert ikkje føreslått endringar som avviker frå føringane lagt i april 2016.
Industristrategi Oktober 2015	Strategien vart vedteken gjennomført gjennom verdiskapingsplanen. Sjå omtale av kunnskap og nyskaping (avsnitt 3.8)
Del 3 Vidare arbeid	
	Teknologiutviklinga, nødvendig klimaomstilling og fornying av velferdstenestene, er understreka i avsnitt 1.2. Særleg klimaplanen og kystplanen gir nye føringar for arbeidet (avsnitt 1.5). Forbetringspunkt er lista opp i avsnitt 1.3. Næringsforum inviterer direktøren for opplæringsavdelinga og Fiskeridirektøren inn som faste medlemmer i næringsforum. Vi inviterer SIVA og Forskingsrådet til å delta på eit årleg møte saman med næringsforum. Ingen vesentlege endringar ut over dette.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Ingen. Fylkeskommunen sin medverknad vert avklara gjennom budsjettprosessen

Rettslege konsekvensar

Ingen spesielle.

Personalpolitiske konsekvensar

Fylkeskommunen må halde fram med å utvikle arbeidsmetodar og evner til å leie regionalt utviklingsarbeid

Plankonsekvensar

Verdiskapingsplanen vert noko justert og kopla til regional strategisk plan for kysten og regional plan for klimaomstilling. Attraktivitet for å rekruttere arbeidskraft framover, vert det peika på som viktig. Arbeidet med tettstadutvikling og regional plan for kultur bør medverke til å lette arbeidet med rekruttering av arbeidskraft.

Planleggingsmetodikken «Smart spesialisering» er i stor grad i samsvar med norsk plantradisjon. Kommunal og moderniseringsdepartementet utarbeider i desse dagar ein rettleiar som venteleg vert lansert i september 2018.

Klima- og miljøkonsekvensar

Verdiskapingsplanen har formuleringar om samfunnsansvar og i gjennomføringa er miljøføringa vektlagt.

HMT

Ingen spesielle.

Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming e.l

Verdiskapingsplanen bygger på føresetnad om å ta samfunnsansvar.

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek orienteringa om arbeidet så langt til vitande og vedtek justeringane for vidare arbeid fram til 2021 eller ev fram til at nye Vestland fylkeskommune vedtek nye regionale planar som avløyser verdiskapingsplanen.